

Her er so mangslags møda her

Tone: For Norge kjæmpers fødeland

1) Her er so mangslags møda her, so folk imot maa taka
det djupt aa kvast i hjarta skjær, aa vil os reint betaka
det hev seg so med staaket her, det fer ifraa, det ein hev kjær
um aller ein er saka

2) Naar lukka føl aa alt gjeng vel, ein er so glad ein trippa
men korleis vert det, alt paa spel, det heila staak det glippa
det gjekk! ja so paa hjul det gjekk, men sjaa ein slike støyt det fekk
det fekk deg til aa snippa

3) Daa naar ein hyggjar seg som best, dar kjeme sure timar
dar koma kan ein framand gjest, so stygt imot meg grinar
daa vert ein vis, daa faar ein sjaa, her er 'kje stort aa lita paa
snart gjeng ein paa ruinar

4) Nei lev idag so so igaar, i visleg stell aa staaka
aa aller gløyma Gud so raar, han levjar kromp aa kraaka
sjaa lukka fyl sin dulde veg, er vond aa finna, meinat eg
med Gud me kan den raaka

5) Ein ting skal eg no seia deg, me her maa nøgde væra
Vorherre veit kva tenar meg, daretter skjeva skjæra
difyre lukka stig aa fell, frisk um morgon, sjuk um kvell
ein praktisk best kan læra